



ISFLAKET

Organ for Ishavsmuseets Venner.
Nr. 2/2001 juni 2001. 3. Årgang.

Grillfest!!

Etter den GEDIGNE suksessen
med grillkvelden på museet i fjor,
prøver vi oss i år igjen med GRILLFEST.

Du kan like gjerne først som sist sette av
FREDAG 10. AUGUST KL. 18.00

Det blir grilla selkjøt, med marinaden "Snadd"

Dette er ei gourmet oppleveling av dei sjeldne!!

Hakapikane blir med og gir oss
ei musikalsk oppleveling.

Kjære medlem.

Vi har en og annen uønsket opplevelse ved at noen til tross for påminning ikke betaler kontingensten. Vi får da vite at det ikke har noe med manglende interesse for arbeidet eller kontingenstens størrelse å gjøre. Mer med en viss trethet med alle de giroer og "tiggebrev" som florerer og for mange er uønsket. *Kjære medlem. Vis at du setter pris på det arbeidet som vi gjør ved å betale din hundrelapp. (Det hender vi må stryke en og annen som ikke betaler. Det er leit. Vi stiller oss da spørsmålet om vi driver for dårlig). Den store glede i vårt arbeid er de resultater som oppnås. Medlemstallet vokser. Arbeidet med å videreutvikle museet går jevnt fremover. Arrangementer og besøkende ligger på tilfredsstillende plan.* Du kan **benytte vedlagte giro til å fornye ditt medlemsskap!** De som allerede har betalt sin kontingenst for 2001, bes vennligst se bort fra denne giroen.

Et problem har vært navnløse giroer, så vennligst skriv tydelig ditt navn til venstre på giroen da signaturen din som kjent blir slettet av banken.

Bjarne Brandal

Styret i Ishavsmuseets Venner:

Bjarne Brandal - formann, Hermann Bakke - nestformann, Liv Skarbakk - sekretær,
Hans Petter Brandal, Leif kristian Brandal, Britt Eilertsen , Ottar M. Brandal.

Isflaket: Johannes Alme

Ishavsmuseets Venner, Postboks 20, 6062 BRANDAL

Kjære venner av Ishavsmuseets Venneforening.

Årsmøtet.

Vi viser til det utsendte orienteringsmaterialet om årsmøte. Årsmøtet ble gjennomført på en grei måte med bra deltagelse. Alle de fremlagte forslag ble vedtatt. Kontingensten ble vedtatt uten forhøyelse. Vi synes vi får gjort ganske mye for kontingentpengene. Det som er viktig ved at du betaler din kontingenst er at du viser at du bryr deg om oss og det vi gjør.

Sivilingeniør og mangeårig driftssjef i fellessambandet, med ansvar for Jan Mayen, Christian August Gløersen, holdt på årsmøte et flott billedkåseri om Jan Mayen. Fotomaterialet inngår som gave til Ishavsmuseet i et video-presentasjonssystem som trolig vil være veiviser for andre framtidige kåseler. Hakapikene underholdt med koselig musikk, og det var rikelig med kaffe og kaker.

Fremtid – planer – aktiviteter.

Det nye styret i venneforeningen har konstituert seg med Hermann Bakke som nestleder, Liv Skarbakk som fortsatt sekretær og dognadskoordinator. Karl Ivar Kongshaug er fortsatt med i arbeidet med økonomi, administrasjon og utgivelse av ISFLAKET.

Arbeidsoppgaver for resten av styret vil bli drøftet på styremøtet i slutten av måneden.

På et dognadstreff i april etterlyste vi innspill til aktiviteter til museet ved inngangen til sommerens arbeids år. Dognadsentusiastene Albert Lillebø og Odd Eiken, har fremmet et omfattende forslag til aktiviteter på kort og litt lengre sikt. Flere av disse krever grundig analyse og behandling før iverksettelse. På det konstituerende styremøte ble det vedtatt å bevilge kroner 20.000,- til prioritert dognadsarbeid. – I første rekke til arbeidet med istandsetting av verkstedet som Ishavsmuseet har fått i gave fra M. Karlsen AS. I skrivende stund er det allerede gjort en innsats som det står respekt av. Vi vil etter hvert orientere deg om det kommende arbeid.

Dognadsarbeid.

Vi fornemmer at det er flere som kan tenke seg en dognadsjobb, og venter på å bli forespurt. Dersom du er en av disse, setter vi pris på om du tar kontakt med Liv Skarbakk på telefon nr. 700 93 100. Oppgavene er mange, og sikkert en som vil passe deg.

Bjarne Brandal

Årsmøte i Ishavsmuseet Aarvak

Onsdag 30. mai 2001 vart det halde årsmøte i Ishavsmuseet Aarvak.

Varaformann i styret Else Karlsen, opna møtet og ynskte alle velkomne. Årsmelding og rekneskap vart lagt fram og opplest utan kommentarar, og såleis godkjent. Vidare vart budsjettet for 2001 gjennomgått og godkjent. Styret la fram forslag om ein ny paragraf i vedtekten som gir høve til å kalle inn til ekstraordinært årsmøtet. Denne vart vedteken.

Etter valet ser styret i Ishavsmuseet slik ut:

Tore Berge	styreleiar	
Else Karlsen	nestleiar	
Reidar Hareide	skrivar	frå Hareid Historielag
Kåre M. Pilskog	medlem	frå Hareid kommune
Reidulf Frøysa	medlem	frå Hareid Pensjonistlag
Kjell Skorøvik	medlem	frå Fylkeskommunen
Webjørn Landmark	styrar	

1. vara til styret: Ole Christen Røren, 2. vara Tore Nedrelid.



ISHAVSSKUTA "POLARBJØRN" (1)

Av Magnus Sefland


"Polarbjørn" nr 1 vart bygd ved Nils Jakobsens skipsverft i Narvik og var klar for levering i 1919. Skuta hadde treskrog i kutterfasong. Dimensjonane var 123.6 ft/326 brt, og skuta fekk ein Atlas dieselmotor på 160 hk. Tingaren makta ikkje å betale skuta fullt ut. Derfor vart skipsbyggjaren Nils Jakobsen ståande som korresponderande reiar den første tida. Seinare tok banken som finansierte bygginga av fartøyet over og overlet disponeringa til skipsreiar Jan Knoph i Tromsø. Knoph brukte skuta for det meste som fraktfartøy. Så stod Einar Amundsen ("Kafe-Amundsen") og skipper Johan Olsen i Ålesund som eigarar eit års tid og brukte skuta til torskefiske ved Vest-Grønland. Så kom sirkusdirektør Karl Norbeck som eigar. Han brukte skuta til sirkustransport, selfangst og safariturar for rike amerikanarar. Etter Norbeck tok Johan Thorvik i Ålesund over. Thorvik brukte skuta til meir tradisjonell ishavssdrift. I Thorvik-tida hadde skuta fiskerimerket M 148 A.

Både i Norbeck og Thorvik si tid viste sovjetiske styresmakter interesse for å kjøpe skuta og bruke henne som forskingsfartøy. Dette vart det ikkje noko av. I 1930 kjøpte Peter S. Brandal og Martin Karlsen skuta. Dei bygde styrehus på skuta, sette inn ein sterkare motor (Atlas diesel 360 hk) og hyrete Kristoffer Marø som skipper. Norges Svalbard- og Ishavsundersøkelser (NSIU) fann ut at den forholdsvis romslege skuta med moderne dieseldrift høvde godt som ekspedisjonsfartøy for deira forskingsaktivitetar på Svalbard, Jan Mayen og Nordaust-Grønland. På 1930-talet gjorde "Polarbjørn" teneste for NSIU nesten kvar sommarsesong. Ekspedisjonsleiarar på desse turane var m.a. Adolf Hoel og John Giæver.

I 1938 gjorde "Polarbjørn" saman med "Polaris" (1) den første vellykka norske fangsttur til Newfoundland i meir moderne tid. På overseglinga til Newfoundland året etter kom dei norske skutene ut i orkan. Fleire skuter forliste. "Polarbjørn" og "Polaris" tok opp mannskapet frå "Saltdalingen" av Gratangen.

Då Noreg vart okkupert i april 1940 var "Polarbjørn" på fangst ved Newfoundland. Skuta vart verande i Amerika under heile krigen og fram til våren 1946. Ho var på fangst ved Newfoundland dei fleste av krigsåra. Elles gjorde skuta teneste for amerikanske militære styresmakter med frakt- og oppklaringsoppdrag i det arktiske Nord-Amerika og på Grønland under heile krigen. "Polarbjørn"/Marø opparbeidde seg tilnamnet "skuta/skipperen som alltid kom fram".

Vegs ende for "Polarbjørn" var fangsten ved Newfoundland i 1949. Skuta hadde ein donkeykjel i maskinrommet. Der var isoleringa mot treverket for därleg. På fangstfeltet ved Newfoundland oppstod det brann i maskinrommet. Skuta brann heilt ut og sokk. Mannskapet vart teke opp av andre skuter i nærlieken. Skipper ved forliset var Henrik Marø. Mannskapet frå "Polarbjørn" kom heimover med "Herøyfjord". Den sistnemnde forliste utanfor kysten av Sunnmøre. Der vart dei to mannskapa om bord i "Herøyfjord" berga av "Brandal" og "Flemsøy". Mannskapet frå "Polarbjørn" hadde då forlist to gonger på ein og same ishavstur.



B

Helsing frå styreformannen i Ishavsmuseet.

Først av alt vil eg få takke for den tilliten styret i Ishavsmuseet no har gitt meg som ny styreleiar for Ishavsmuseet Aarvak, og ikkje minst ein stor takk til Einar Holm som i lag med styret har leia Ishavsmuseet med stø kurs fram til det som er i dag.

Det er ei stor utfordring å ta på seg eit slikt verv. Men med mange gode medhjelparar trur eg det blir utfordrande og mange spanande oppgåver. Eg startar med blanke ark, open for innspel, vi må få inn nye tankar og idear – marknaden er stor.

Vi i Ishavsmuseet må stille krav til oss sjølve – ta ansvar, og tørre å rekke opp handa. Det er betre å feile enn å tie.

Ishavsmuseet har mykje å by fram til alle grupper som besøker oss. Dette må vi i enda meir i klar tekst formidle – langt over landegrensene. Det nye styret hat alt hatt sitt første styremøte, og det skal vi ha så ofte vi kan. Som det står i siste nummer av "ISFLAKET" er det hus over "Aarvak" som er den "hete potet". Det ser ut som vi i første omgang, no til hausten, skal klare å få sydd presenningstelt over dekka på skuta. Dette blir ei midlartidig naudhjelp mot ver og vind vinterhalvåret.

Vidare skal vi etter sommaren vidareføre samtalar med arkitekt og kommune. Ting er på gang, men det hastar med "Aarvak". Mange trur at den er berga når den kom på land, slik er det ikkje.

No er det midtsommar og høgsesong for turistar og grupper. Cutty Sark i Ålesund og stor båttrafikk. Så vi kryssar fingrane og vonar at så mange som mulig tek turen til Brandal og Ishavsmuseet. Vi minner om at vi kvar søndag har kaffi og "polarvaflar". Ei spanande tid har vi også til hausten. På seinsommaren vil venneforeininga lage til ein grillkveld med selkjøt og til tonar med Hakapikane. Dette bør kunne freiste dei fleste.

Eit fellesmøte med alle nemnder og utval rundt museet står også for tur. Alle må / skal bli kjende med kvarandre. Ein felles dialog / kommunikasjon er viktig ---

Kvar står vi - Kvar går vi.

God Sommar!

Tore Berge

Kostnadane med utgivelse av dette nummeret av ISFLAKET er dekkja av **POLARGODT AS**

Vi leverar oppkutta grillskiver av brunsel.

**Vi har tørka selkjøtt, polarkrydder og polarolje
til hundar og kattar.**

Som arktisk entusiast – kom å besøk oss i Tjørvåg!



**Polargodt as
6070 Tjørvåg**
tlf. 700 84 262 mob. 906 60 438